

## Eikanger-Bjørsvik og deltaking i konkurransar

Som det leiande korpset i Noreg så er det viktig for Eikanger-Bjørsvik å vera med i konkurransar nasjonalt og internasjonalt. Korpset er eit stort førebilete for musikantar i alle aldrar, og for alle som driv med friviljug arbeid. Til no har Eikanger-Bjørsvik 18 singlar i NM, 17 i underhaldingskonkurransen SIDDIS Brass og 3 EM-titlar. Dette er dobbelt så mykje som noko anna norsk korps. Det kan difor med rette seiast at Eikanger-Bjørsvik set standard når det gjeld kvalitet og resultat for korps.

I 2018 tek Eikanger-Bjørsvik del i tre konkurransar utanfor Hordaland Fylke:

### **EM for brassband i Utrecht, Holland 04.-05. mai**

Dette er 22. gongen korpset representerer Hordaland og Noreg i EM, og er kvalifisert som vinnar av NM i 2017 og som tittelforsvarar frå 2017 i EM. Kostnadsramma på prosjektet er kr. 535.000,-

### **The British Open Brass Band Championships i Birmingham, England 08. September.**

Dette er verdas eldste korpskonkurrans og vart etablert i 1853. Fram til 2015 var det berre korps frå UK og det britiske samveldet som kunne få invitasjon, men frå då vart også det best plasserte kontinentale korpset i EM invitert med. Som vinnar av EM 2017, er difor Eikanger-Bjørsvik kvalifisert til deltaking i 2018. Kostnadsramme er kr. 390.000,-

### **SIDDIS Brass underhaldingskonkurrans i Stavanger 03. november.**

Denne konkurransen vart etablert i 1983, og Eikanger-Bjørsvik har delteke kvart år sidan då. Dette er arenaen for utvikling av moderne og underhaldande konsertrepertoar, og Eikanger-Bjørsvik er det korpset alle ventar nyskaping frå. Kostnadsramme kr. 185.000,-

Deltaking i konkurransar er særskilt krevjande økonomisk, og desse tre i 2018 krev 1.110.000,- i kostnader. Samstundes er dei, og har vore, avgjerande for at korpsa i Hordaland er så dominerande i norsk korpsrørsle. Dette synest på alle nivå og sjangrar innan korps. Som det definitivt mestvinnande korpset i Noreg, så dreg Eikanger-Bjørsvik resten av korpsrørsla med i ei stadig utvikling. Å ha suksess er ei god kjensle, men det kostar enormt økonomisk. I Musikkorpsa sitt år 2018, søker vi difor om god stønad frå elitekorpsfylket Hordaland.